




ÅRSRAPPORT 2003



MØRE OG ROMSDAL
FYLKESKOMMUNE

	side
FAKTA, LIKESTILLING, HMT	2
FYLKESRÅDMANNEN SIN KOMMENTAR	3
ORGANISASJONSKART	4
DRIFTSOVERSIKT 2003	6
REKNESKAP	7
GRAFAR ØKONOMI	8
HELSE OG SOSIAL	10
TANNHELSE	11
UTDANNING	12
KULTUR	13
SAMFERDSEL	14
NÆRING OG MILJØ	15

- FYLKESKOMMUNEN ER EIN AKTIV PÅDRIVAR I SAMFUNNSUTVIKLINGA OG SKAL LØYSE VIKTIGE OPPGÅVER FOR FELLESSKAPET OG INNBYGGJARANE I MØRE OG ROMSDAL.
- FYLKESKOMMUNEN TEK HAND OM VIKTIGE SAMFUNNSOPPGÅVER SOM VIDAREGÅANDE SKOLE OG FAGOPPLÆRING I ARBEIDSLIVET, TANNHELSE, KULTUR, SAMFERDSEL, NÆRINGSUTVIKLING OG FRAM TIL I. I. 2004 OPPGÅVER INNAN HELSE- OG SOSIALEKTOREN SOM RUSOMSORG, BARNEVERN OG FAMILIEVERN.
- 31.12.2003 VAR DET 2.114 ÅRSVERK I MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE. DESSE VAR FORDELTE PÅ 71 ÅRSVERK I STABSORGAN OG FELLESDADMINISTRASJON, 127 ÅRSVERK I FAGAVDELINGAR OG 1.916 ÅRSVERK I TENESTEPRODUKSJON.

FRÅ 1. JANUAR 2004 VART MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE OG FYLKESMANNEN INTEGRERT I EIT REGIONALT ORGAN MED NAMNET MØRE OG ROMSDAL FYLKE. DETTE ER EI PRØVEORDNING FOR FIRE ÅR. MÅLET ER Å FORENKLE OG EFFEKTIVISERE DEN OFFENTLEGE FORVALTINGA OG SAMLE EIT STERKT KOMPETANSEMILJØ TIL NYTTE FOR BRUKARANE.

LIKESTILLING

Fylkeskommunens likestillingsarbeid for dei tilsette byggjer på fylkesdelplana "Likestilling og mangfald 2000-2003". Likestilling handlar i stor grad om haldningar, og resultatet av tiltaka i planen er avhengig av korleis leiarane set tiltaka ut i praktisk handling. Fleire kvinner i leiande stillingar, likeløn, redusert bruk av deltid og sikre at funksjonshemma og etniske minoritetar blir vurdert likt ved tilsetjingar er sentrale målsetjingar i planen. I 2003 var det færre søkjarar til stipendet fylkeskommunen har til kvinner som kvalifiserer seg for leiarstillingar. Det er ikkje lenger utdanningsnivået som skil kvinner og menn i konkurransen om stillingar, derfor vil stipendordninga bli vurdert. Av 96 leiarar der driftseiningnivået er teke med, er 27 kvinner (28%).

H M T

Helse, miljø og tryggleik (HMT) omfattar alle faktorar med betydning for medarbeidarane sin trivsel og helse, herunder fysiske, psykiske, sosiale og organisatoriske tilhøve på arbeidsplassen. Fylkeskommunen har gjennom fleire år utvikla eit system for rapportering og oppfølging av HMT-relaterte tilhøve. HMT-rapportane for 2003 viser at driftseiningane har arbeidd godt og målretta med forbetringstiltak i 2003. Sjølv om vi registrerer mange positive trekk ved arbeidsmiljøsituasjonen, er utfordringane framleis store - ikkje minst i høve det fysiske arbeidsmiljøet i skolane. Sjukefråværet har auka i 2003 og ligg no på om lag 6,2 % (5,3% i 2002). Sjukefråværet i Møre og Romsdal fylkeskommune er likevel lågare enn gjennomsnittet for fylkeskommunar og kommunar. Møre og Romsdal fylke er framleis i "støypeskeia", og fokus på gode omstillingsprosessar og mellommenneskelege tilhøve på arbeidsplassen blir viktig i tida som kjem. Det er laga eigen HMT-årsrapport som i detalj beskriv arbeidsmiljøsituasjonen i fylkeskommunen i 2003. Denne er tilgjengeleg på nettsidene til Møre og Romsdal fylke.

UTGJEVAR:

Møre og Romsdal fylke, mars 2004

REDAKSJON, LAYOUT OG PRETRYKK-PRODUKSJON:

Møre og Romsdal fylke, Informasjonsavdelinga

TRYKK:

Frænatrykk AS, 1.400 eks.



Ei årsmelding har lett for å ha sterkare fokus på økonomi enn på konkrete resultat. Vi må aldri gløyme at som ein offentleg tenesteytar og regional utviklingsaktør, så er det kva vi klarer å utrette for samfunnsutviklinga i Møre og Romsdal som verkeleg tel. Du har som innbyggjar i fylket vårt rett til å stille krav til kva vi skal yte for deg og dine. Det er difor viktig for meg å syne kva som ligg bak rekneskapstala.

Men for at vi skal lukkast som tenesteytar og regional utviklingsaktør så må det liggje ein sunn og god økonomi i botn. Har vi ikkje det, så blir resultatet eit dårlegare produkt. Dette gjeld for alle verksemdar, både dei offentlege og private. Her i fylket er det mange kommunar som slit med ein vanskeleg økonomisk situasjon, og det er ikkje å leggje skjul på at det legg klare avgrensingar på dei tenestene dei kan levere.

Det er gledeleg at vi også i år kan leggje fram ein rekneskap som syner ein organisasjon i økonomisk balanse, som både har handlefridom og ressursar til å utføre sine samfunnsoppgåver.

Rekneskapen syner eit driftsoverskot på 53,2 mill. kroner. Dei viktigaste årsakene til resultatet er eit premieavvik i pensjonspremien på 31,2 mill. kroner og eit samla mindreforbruk i sektorane på 41,0 mill. kroner. På finansieringssida er det ein samla svikt på 17,9 mill. kroner, der dei frie inntektene (skatt og rammetilskot) isolert sett viser ein svikt på 25,7 mill. kroner, medan netto finansutgifter viser ei innsparing på 7,8 mill. kroner. Innsparinga skuldast delvis renter på innlån, men òg ei positiv utvikling på avkastinga på kapitalfondet. Den innsparinga vi ser i høve til premieavviket vil bli kostnadsført i rekneskapen for 2004.

Det gode resultatet skuldast god økono-

mistyring både i sektorane og i dei einskilde verksemdene. Eit kjenneteikn for organisasjonen i alle ledd er evna til å styre aktiviteten i høve til budsjetttrammene. Innføringa av rammestyrt har no gjennom fleire år vist sin verdi.

Vi står føre store utfordringar, for eksempel i høve til investeringar i den vidaregåande opplæringa. Skal vi lukkast så må vi framleis ha fokus på økonomistyring. Det er og blir avgjerande for vår verksemd.

Den vidaregåande opplæringa må heile tida ha fokus på at elevane og lærlingane skal ha best mogleg opplæring her og no. Samtidig må vi arbeide for å førebu oss på framtida. Dette stiller store krav til skole- og tilbudsstrukturen.

Innan tannhelsetenesta er det ei kontinuerleg utfordring å vidareutvikle og betre samarbeidet med dei kommunale pleie- og omsorgstenestene og helsestasjonane. Slike samarbeid vil vere avgjerande for at tannhelsetenesta skal lukkast i høve til dei sentrale målgruppene; eldre og uføre i institusjon og heimesjukepleia, personar med psykisk utviklingshemming og småborn.

Undersøkingar syner at offentleg innsats på kulturområdet er avgjerande for bulyst og trivsel. Vi har vore aktive med å skape kulturelle møtestader i fylket vårt gjennom til dømes Kultursekken, Møremusikarane og bokbåten Epos. Ein skal heller ikkje gløyme vår deltaking i kulturminnevern, fordeling av spellemidlar og andre tilskot. I tillegg driv vi tilrettelegging for aktivitet både innan friluftsliv og idrett.

Når det gjeld samferdsel så har vi ei kontinuerleg utfordring i høve til å utvikle eit kollektivtilbod som både er kvalitativt godt og tilpassa marknaden. Vi må stadig prøve å organisere

tilbodet slik at vi får meir igjen for løyvingane. Avtalen med ruteselskapa om kjøp av kollektivtenester, som vart forlenga med fire år, var såleis viktig.

Saman med næringslivet og andre sentrale partar har vi arbeidd aktivt for å snu den negative trenden. Dette er ein kontinuerleg kamp for å betre rammevilkåra og konkurransekrafta for næringslivet i fylket vårt. Det er viktig at dette arbeidet held fram med full styrke.

Frå 1. januar 2004 vart helse- og sosialavdelinga lagt ned og ansvaret for rusfeltet, barnevernet og familievernet er overført til andre forvaltingsnivå. Vi har hatt eit godt tilbod innan desse fagfeltene og kan vere stolte over den jobben vi har gjort. Til tross for store omstillingar i året som gjekk har vi evna å ha fokus på brukarane.

Dette er kanskje Møre og Romsdal fylkeskommune si siste årsmelding. Frå og med 1. januar 2004 starta vi forsøk med einskapsfylke, som betyr at fylkeskommunen og fylkesmannen vart integrert til eit regionalt organ. Den nye organisasjonen fekk namnet Møre og Romsdal fylke. Dette er eit forsøk som skal gå over fire år, med moglegheit til forlenging med to år. Møre og Romsdal fylke skal vere eit regionalt organ som løysar både fylkeskommunale og statlege oppgåver.


Det er viktig at vi ikkje startar eit slikt forsøk med trong økonomi og vanskelege føresetnader. Dette gjer rekneskapstala spesielt gledeleg. ■

Ottar Brage Gættelvik



Til saman er det 2.114 årsverk i Møre og Romsdal fylkeskommune. Dette er fordelt på 71 årsverk i stabsorgan og fellesadministrasjon, 127 årsverk i fagavdelingar og sentrale tenester og 1.916 årsverk i tenesteproduksjon.

Organisasjonskartet viser status for 2003. Frå 1. januar 2004 vart teneste innan helse- og sosialsektoren overført til staten. Helse- og sosialutvalet vart nedlagt frå og med konstitueringa av det nye fylkestinget i oktober 2003.







Driftsoversikta viser netto utgifter for drift pr. sektor målt mot korrigert budsjett.

Ein fullstendig rekneskap med tilhøyrande noter blir lagt fram som eiga sak. Vi viser til denne saka når det gjeld detaljane i rekneskapen.

Avvik målt på bruttotal eller enkelte utgifts- og inntektsartar gjev ikkje eit korrekt bilete av reelle budsjettavvik. Dette heng saman med at øyremerka tilskot i stor grad ikkje er budsjettert. Det same gjeld finanspostar.

DRIFTSOVERSIKT 2003

(Tal i heile 1 000 kroner,
tal i parentes er minustal)

	Rekneskap 2003	Budsjett Korrigert	Budsjett Opphavig	Avvik BK - R	Rekneskap 2002
Fylkesutvalet - Øvrig verksemd					
Driftsutgifter	108 969	157 359	101 295	48 390	114 984
Driftsinntekter	(70 112)	(38 548)	-	31 564	(60 739)
Diverse finanspostar	(13)	-	-	13	(147)
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	-
Resultat fylkesutvalet - øvrig verksemd	38 844	118 811	101 295	79 967	54 098
Utdanning					
Driftsutgifter	1 127 751	1 037 382	978 071	(90 369)	1 067 601
Driftsinntekter	(162 015)	(65 487)	-	96 528	(129 969)
Diverse finanspostar	(2 590)	25	-	2 615	(1 880)
Brukt til investeringsformål	2 603	231	-	(2 372)	2 483
Resultat utdanning	965 749	972 151	978 071	6 402	938 235
Helse og sosial					
Driftsutgifter	151 157	119 638	80 058	(31 519)	177 426
Driftsinntekter	(48 516)	(34 271)	-	14 245	(53 555)
Diverse finanspostar	(926)	-	-	926	(32 258)
Brukt til investeringsformål	169	169	-	-	-
Resultat helse og sosial	101 884	85 536	80 058	(16 348)	91 613
Tannhelse					
Driftsutgifter	92 579	89 742	70 891	(2 837)	90 274
Driftsinntekter	(19 597)	(19 560)	-	37	(19 382)
Diverse finanspostar	1	-	-	(1)	-
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	-
Resultat tannhelse	72 983	70 182	70 891	(2 801)	70 892
Kultur					
Driftsutgifter	104 842	58 665	42 865	(46 177)	95 077
Driftsinntekter	(57 027)	(14 456)	-	42 571	(51 428)
Diverse finanspostar	(2 583)	-	-	2 583	536
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	-
Resultat kultur	45 232	44 209	42 865	(1 023)	44 185
Næring og miljø					
Driftsutgifter	124 984	24 521	29 930	(100 463)	45 374
Driftsinntekter	(95 765)	-	-	95 765	(19 162)
Diverse finanspostar	494	5 301	-	4 807	204
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	-
Resultat næring og miljø	29 713	29 822	29 930	109	26 416
Samferdsel					
Driftsutgifter	417 975	423 988	379 044	6 013	419 880
Driftsinntekter	(40 245)	(41 001)	-	(756)	(57 554)
Diverse finanspostar	(651)	(140)	-	511	(54)
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	-
Resultat samferdsel	377 079	382 847	379 044	5 768	362 272
Sentrale kontrollorgan					
Driftsutgifter	4 603	4 404	3 933	(199)	4 350
Driftsinntekter	(772)	(463)	-	309	(513)
Diverse finanspostar	-	-	-	-	-
Brukt til investeringsformål	-	-	-	-	-
Resultat kontrollorgan	3 831	3 941	3 933	110	3 837
NETTO DRIFTSRAMMER	1 635 315	1 707 499	1 686 087	72 184	1 591 548

(I diverse finanspostar inngår bundne fond og bruk av tidlegare års avsetjingar til disposisjonsfond)



RESULTATREKNESKAPEN

År 2003 syner eit netto mindreforbruk på 53,2 mill. kroner. Tilsvarende tal for 2002 var eit mindreforbruk på 54,1 mill. kroner.

Det er i driftsåret bokført eit premieavvik i pensjonspremien i fylkeskommunen sin favør på 31,2 mill. kroner. Denne innsparinga i premieavvik blir kostnadsført i si heilheit i rekneskaper for 2004. Det er i tillegg sett av 19,6 mill. kroner til ubundne avsetjingar og 1,1 mill. kroner til bundne avsetjingar.

Fylkeskommunen har ved utgangen av 2003 ingen udekte meirforbruk (underskot) frå tidlegare år. Det er dei seinare åra arbeidd systematisk med ei rekkje tiltak for å få driftsnivået tilpassa ressurstilgangen. Mellom anna er det med verknad frå år 2000 innført rammestyring, noko som betyr at dei som har hatt mindreforbruk, etter ei vurdering kan få overført mindreforbruket som styrking av budsjettet for neste år, samstundes som dei med meirforbruk kan bli trekt i ramma for neste år. Det positive driftsresultatet som dei fleste etatane kan syne til, kan truleg mellom anna tilskrivas denne ordninga, og ikkje minst god økonomistyring i heile organisasjonen.

Også i 2003 fekk fylkeskommunen ei ekstrarekning frå KLP. For dei ulike rammeområda er konsekvensane av ekstrarekninga frå KLP og kompensasjonen for lønsoppgjæret innarbeidd, noko som gir følgjande korrigererte avvik pr. rammeområde:

SENTRAL STYRING OG FELLESUTGIFTER

Har eit samla mindreforbruk på 57,6 mill. kroner herunder premieavviket på 31,2 mill. kroner. Det øvrige mindreforbruket på 26,4 mill. kroner inkluderer ei innsparing på lønsreserveposten med 7,4 mill. kroner, og er elles medrekna ei styrking av ramma på 13,7 mill. kroner etter 2002-evalueringa.

UTDANNINGSTENESTER

Har eit samla mindreforbruk på 15,0 mill. kroner medrekna ei styrking av ramma på 5,8 mill. kroner etter 2002-evalueringa.

HELSE- OG SOSIALTENESTER

Har eit samla meirforbruk på 10,6 mill. kroner medrekna ei styrking av ramma på 2,5 mill. kroner etter 2002-evalueringa. Det er i år 2003 belasta 0,8 mill. kroner i ekstrakostnader i samband med den statlege overtakinga av rus og barnevern.

TANNHELSETENESTER

Har eit mindreforbruk på 2,0 mill. kroner, medrekna ei styrking av ramma med 0,1 mill. kroner etter 2002-evalueringa.

KULTURTENESTER

Har eit mindreforbruk på 0,4 mill. kroner medrekna ei styrking av ramma på 0,5 mill. kroner etter 2002-evalueringa.

NÆRINGS- OG MILJØTENESTER

Har eit mindreforbruk på 1,1 mill. kroner.

SAMFERDSELSTENESTER

Har eit mindreforbruk på 1,4 mill. kroner

medrekna ei styrking av ramma på 2,1 mill. kroner etter 2002-evalueringa.

VEGFORMÅL

Har eit mindreforbruk på 4,8 mill. kroner medrekna eit trekk på 3,2 mill. kroner etter 2002-evalueringa.

SENTRALE KONTROLLORGAN

Har eit mindreforbruk på 0,4 mill. kroner.

DRIFTSINNTÆKTENE

Fylkeskommunens skatteinntekter og det statlege rammetilskotet – dei såkalla frie inntektene – utgjer hovuddelen av fylkeskommunens inntekter. Det er ei nær kobling mellom skatteinntektene og rammetilskotet på den måten at avvik frå budsjettert skatteinnang omgåande blir regulert med tilsvarende tilpasning i utbetalte rammetilskot. I 2003 fekk fylkeskommunen 25,7 mill. kroner mindre enn budsjettert i frie inntekter. Skatteinntektene isolert sett viser ein svikt på 22,9 mill. kroner i tillegg til at rammetilskotet vart redusert med 7,7 mill. kroner som eit resultat av endra reglar for tildeling av rammetilskot. Refusjon av meirverdiavgift hadde ein auke på 4,9 mill. kroner.

DRIFTSUTGIFTENE

Avvik målt på bruttotal eller enkelte utgifts- og inntektsartar gjev ikkje eit korrekt bilete av reelle budsjettavvik. Dette heng saman med at øymerka tilskot i stor grad ikkje er budsjettert. Det same gjeld enkelte finanspostar.

NETTO FINANSUTGIFTER/ -INNTEKTER


Viser eit mindreforbruk på 7,8 mill. kroner. Isolert sett viser renteinntekter og utbytte eit positivt avvik på 0,1 mill. kroner. Renteutgifter og andre finansutgifter viser eit mindreforbruk på 7,9 mill. kroner og avdrag eit meirforbruk på 0,2 mill. kroner.

Kapitalfondet har ei netto avkastning på 4,4% justert for prisstigning.


INVESTERINGSREKNESKAPEN

Investeringsrekneskaper er avslutta med ei udisponert inntekt på 2,7 mill. kroner. Dette kjem av ikkje budsjetterte inntekter frå sal av bustader med 2,9 mill. kroner. Motsett veg trekkjer manglande finansiering av tilskot med 0,2 mill. kroner.


Når det gjeld ytterlegare detaljar og noter knytt til drift og balanse viser vi til den godkjente rekneskaper som blir lagt fram for fylkestinget i april.



Grafane under syner korleis driftsrammene fordeler seg på dei ulike sektorane og resultatet i fylkeskommunen dei siste tre åra.



Fordeling av rammene som den enkelte sektor disponerte i 2003.



Meir-/mindreforbruk for Møre og Romsdal fylkeskommune samla dei tre siste åra.

HELSE OG SOSIAL
TANNHELSE
UTDANNING
KULTUR
SAMFERDSEL
NÆRING OG MILJØ





VIKTIGE HENDINGAR I 2003

- Førebuing til at rusfeltet, barnevernet og familievernet frå 1.1.2004 vart overført til andre forvaltningsnivå
- Byggjearbeid for nybygg ved Veksthuset Møre og Romsdal og avrusingsavdeling ved Vestmo behandlingssenter
- Avdelinga lagt ned frå 1.1.2004

FYLKESBARNEVERNET

Dette har vore eit år med store endringar i fylkesbarnevernet. Året var prega av førebuingane til forvaltningsreforma som skulle gjennomførast frå 1. januar 2004. Reforma går i korte trekk ut på at fylkesbarnevernet og familievernet skal bli statleg og få ei regional organisering, for vårt vedkomande saman med Trøndelagsfylka. Det ligg sterke faglege føringar til grunn for reforma: barn og unge skal få hjelp i heimen og i nærmiljøet sitt, og dei som må flytte, skal helst bu hos familie eller institusjonar nærast mogleg heimen.

Sakene som vart tilvist, representerte alt frå ungdom med omfattande åtferdsproblem som rus, vald og kriminalitet, til barn med funksjonshemmingar og barn som har vore utsett for grov omsorgssvikt. Talet på søknader og plasseringar har halde seg stabilt frå året før, og alle dei fem barneverninstitusjonane har vore drivne med fullt belegg. I tillegg har det vorte oppretta fleire spesialtiltak rundt barn som ikkje kan bu i ei gruppe med andre barn. Dette er arbeids- og ressurskrevjande tiltak. Ein har også kjøpt fleire plassar utanfor fylket enn tidlegare: Ved årsskiftet hadde vi 10 ungdommar i institusjonar utanfor fylket, likt med året før.

Arbeidet med MST (MultiSystemisk Terapi) har halde fram. Det er eit intensivt, tidsavgrensa behandlingstilbod til familiar med ungdom med åtferdsproblemar. Dette tilbodet yter bistand i nærmiljøet til ungdomane, mellom anna for å unngå institusjonsplassering. Det blir no arbeid for å utvide dette tilbodet til å gjelde alle kommunar i fylket.

Det er god tilgang på familiar som ønskjer å bli fosterforeldre, men ein har ikkje kapasitet til å tilby alle god nok opplæring før dei tek imot barn. Fosterheimane er rygggrada i vårt arbeid, og 80 prosent av barna som må flytte frå sine foreldre av ulike grunnar, bur i fosterheim.

RUSOMSORGA

Omorganisering av rusfeltet i Noreg har vore sentralt i helse- og sosialavdelinga sitt arbeid i året. Fylkeskommunen sitt ansvar for rusfeltet vart overført til dei regionale helseføretaka frå 1. januar 2004, for vår del Helse Midt-Norge RRF. Både frå institusjonane og administrasjon er det lagt ned mykje arbeid for å førebu overgang til nytt forvaltningsnivå.

Fjoråret var det andre året etter at spesialisthelsetenesta vart overført til Staten. Innanfor helse- og sosialsektoren har fylkeskommunen hatt ansvar for rusfeltet, barnevernet og familievernet. Dei administrative oppgåvene vart ivaretekne av 2 1/2 stillingar. I tillegg hadde barnevernseksjonen 6 fagstillingar og ein økonomikonsulent som også var knytt til helse- og sosialavdelinga.

Arbeidet med planane for avrusingsavdeling ved Vestmo behandlingssenter og nybygg for Veksthuset Møre og Romsdal har stått sentralt i 2003. Bygging kom i gang etter sommaren/hausten, og ein reknar med at bygga vil stå ferdig hausten 2004. Fylkeskommunen sin føresetnad var å få i gang utvida drift ved begge institusjonane seint på året 2004. I tillegg er det utarbeidd plan for å etablere eit behandlingskollektiv for rusmisbrukarar i tidlegare Halså vidaregåande skole. Desse planane vart lagt på is då tiltaket ikkje vart omfatta av dei tiltak som skulle overførast til nytt forvaltningsnivå som ein del av rusreforma.

Ved Vestmo behandlingssenter har belegget auka frå 89 prosent i 2002 til 90 prosent i 2003. 4 av klientane kom frå Sogn og Fjordane. Institusjonen har hatt eit godt driftsår og fagleg styrking med tilsetjing av nytt personale og fast tilsetjing av leiar. Ved Veksthuset har belegget gått opp frå 91,8 prosent i 2002 til 100,4 prosent i 2003. 40 prosent av kapasiteten i fase 1-3 er nytta av klientar utanfrå fylket, vesentleg frå Sør-Trøndelag og nokre frå Rogaland. 10 klientar er utskrivne med fullført behandling i 2003. Ved begge institusjonane har det vore stor pågang om behandlingsplass og lang ventetid.

Det har vore ein vesentleg auke i behov for kjøp av behandlingsplassar utanfor fylket. Kjøp av avrusingsplassar ligg om lag på same nivå som for 2002, mens kjøp av behandlingsplassar utanfor fylket var meir enn fordobla med kjøp av 17 plassar.

Midt-Norsk Kompetansesenter har hatt eit godt arbeidsår i 2003. Når det gjeld førebbyggjande arbeid er prosjektet "Ein ansvarleg rusmiddelkultur i nærmiljøet" sett i gang i samarbeid med seks kommunar og fylkeskommunen. Kompetansesentra er inne i ein omorganiseringsprosess der det i løpet av våren 2004 frå sentralt hald vil bli tatt endeleg stilling til kompetansesentra si organisering og funksjon.



Bygginga av nye lokale til Veksthuset Møre og Romsdal tok til hausten 2003.



VIKTIGE HENDINGAR I 2003

- Tannhelseplan for perioden 2004-2007 vedtatt av fylkestinget.
- Klar betring i rekrutteringa etter fleire vanskelege år. I 2003 vart det tilsett 19 nye tannlegar og bemanningssituasjonen ved utgangen av året var den beste på 6 år.
- 2003 var første driftsåret då alle tannklinikane kunne nytte eit elektronisk, administrativt tannlegeprogram.
- Klinikken i Stranda fekk nye lokale, medan klinikane i Gjemnes, Hareid og Langevåg er opprusta.

PERSONALE

Det har i fleire år vore sviktande rekruttering til offentlege tannlegestillingar. Ved utgangen av året stod i alt 10,5 tannlegestillingar, 2,5 faste stillingar og 8 vikariat ledige, eller 14 prosent av alle stillingane. Likevel er dette den beste situasjonen ved eit årsskifte sidan 1997 då rekrutteringsproblema i tannhelsetenesta for alvor byrja å gjere seg gjeldande. Samla vakansar i tannlegestillingar for heile 2003 var 15,5 årsverk. Dei mange vakansane går sjølvsagt ut over tannhelsetilbodet til befolkninga.

Det er få eller ingen norske søkjarar til ledige stillingar, noko som har gjort det nødvendig å satse på rekruttering av tannlegar også frå utlandet. Ved utgangen av 2003 var såleis 20 eller 26 prosent av tannlegane i tannhelsetenesta frå utlandet. Dei fleste av desse er rekrutterte i samarbeid med Aetat helserekruttering. I 2003 vart det tilsett 19 nye tannlegar, av desse er 5 norske og 14 frå Tyskland. For å kunne oppretthalde eit godt offentleg tannhelsetilbod også i åra framover, vil det derfor i tillegg til eit aktivt rekrutteringsarbeid vere nødvendig å vidareføre og vidareutvikle dei ulike tiltaka som fylket har sett i verk for å sikre rekruttering til og stabilitet i stillingane.

KLINIKKSTRUKTUREN

Fylkestinget gjorde i 2002 og 2003 vedtak om framtidig klinikkstruktur i tannhelsetenesta. Vedtaka inneber små endringar i høve til dagens struktur, det blir ei vidareføring av ei desentralisert tannhelseteneste. Når strukturendringane er gjennomført vil det vere 36 klinikkar mot 40 i dag. Det er derfor ei stor utfordring både å rekruttere tannlegar til alle desse klinikane og å ruste dei opp til ein god standard.

Etter fleire år med uvisse med omsyn til kva klinikkar som skulle vidareførast, har vi i 2003 kunne starte planleggingsarbeid og iverksetjing når det gjeld etablering av nye klinikkar, klinikkopprusting og utskifting av utstyr som har måtte vente på denne avklaringa. I 2003 flytta tannklinikken i Stranda til nye og moderne lokale, medan det for klinikane i Gjemnes,

Tannhelsetenesta har 40 tannklinikkar i 35 av dei 38 kommunane i fylket og gir tannhelsetenester til klientell som er prioritert i tannhelsetenesteloven: barn og ungdom 0-18 år, psykisk utviklingshemma, eldre og uføre i institusjon og heimesjukepleie og ungdom 19-20 år. Klinikane gir også tilbod til vaksne betalende klientell. Etter at helse- og sosialutvalet vart lagt ned, har fylkesutvalet det politiske sektoransvaret. Fylkestannlegen har det administrative og faglege leiaransvaret.

Hareid og Langevåg skjedde ei opprusting og oppussing av eksisterande lokale og ei mindre oppussing av klinikken i Ålesund sentrum.

OMFANGET AV TENESTETILBODET

Den offentlege tannhelsetenesta har ei brei kontaktflate og når mange. Om lag 73.000 personar eller 30 prosent av befolkninga i fylket er brukarar i tannhelsetenesta. Dette gjeld barn og ungdom, psykisk utviklingshemma, grupper eldre og funksjonshemma, men også vaksne.

60.936 personar, eller 82 prosent av prioritert klientell, var under tilsyn. Med tanke på dei mange vakante tannlegestillingane er dette eit godt resultat.

Tilbodet til dei høgast prioriterte gruppene, barn og ungdom 0-18 år og psykisk utviklingshemma, er godt. Høvesvis 90 prosent og 85 prosent av desse gruppene var under tilsyn i 2003.

Når det gjeld eldre og uføre var 77 prosent av dei i institusjonar og 33 prosent av pasientane i heimesjukepleien under tilsyn.

Tilbodet til eldre og uføre varierer ein god del frå kommune til kommune. I ein del kommunar er det enno ikkje etablert gode nok samarbeidsrutinar med heimesjukepleien. Dei mange vakante tannlegestillingane skaper sjølvsagt også problem. Det vil derfor vere ei prioritert oppgåve å betre og kvalitetssikre tannhelsetilbodet til denne gruppa, slik tannhelseplanen legg opp til.

45 prosent av ungdom 19-20 år var under tilsyn i 2003. Dette er ein vesentleg auke frå 2002 då 32 prosent i denne gruppa var under tilsyn.

I 2003 var 12.142 betalande vaksne pasientar under regelmessig tilsyn i offentleg tannhelseteneste. Det utgjør om lag 7 prosent av befolkninga over 20 år i fylket.

TANNHELSERESULTATA

Det er små endringar i tannhelsa til barn og ungdom i høve til året før. Det er ei klar betring for 5-åringane, og inga endring for 12- og 18-åringane. 65 prosent av 5-åringane hadde feilfrie tenner (tenner utan fyllingar eller tannrote) mot 59 prosent i 2002. I gjennomsnitt hadde 12-åringane 1,7 DMF-tenner (tenner som har hol, er fylte eller trekte) og 41 prosent hadde feilfrie tenner. 18-åringane hadde i gjennomsnitt 5,4 DMF-tenner og 15 prosent hadde feilfrie tenner.

Siste 20 åra har vi hatt ei stor betring av tannhelsa til barn og ungdom, men frå 1998 til 2000 var det over heile landet ein tilbakegang når det gjeld 5-åringane. Særleg gledeleg er såleis betringa i tannhelseresultata for 5-åringane i 2003. Tannhelsa til barn og ungdom i Møre og Romsdal ligg om lag på landsgjennomsnittet.

REGIONAL UTVIKLING

Fylket har ei viktig rolle som regional utviklingssaktør. Tannhelsetenesta leverer også vesentlege bidrag til dette. Skal vi skape utvikling i eit område, må folk ville bu der. For at folk skal ville bu i eit område, må dei få tilbod om gode velferdstenester. Av gode velferdstenester er gode tannhelsetenester blant dei viktigaste.

UTFORDRINGAR

Dei viktigaste utfordringane i tannhelsetenesta i åra framover kan samanfattast slik:

- Rekruttere tannlegar og oppnå større stabilitet i stillingane
- Styrkje og kvalitetssikre tilbodet til eldre og uføre
- Styrkje det helsefremjande og førebyggjande arbeidet
- Kontinuerleg kvalitetsutvikling
- Kompetanseutvikling av personalet
- Opprusting av klinikkar og utstyr
- Fullføre innføringa av IT

ØKONOMI

Tannhelsekapitlet har ei samla ramme på 69,6 mill. kroner og eit mindreforbruk på 2,0 mill. kroner. Tala er korrigererte for ekstrarekning frå KLP og kompensasjon for lønsoppgjør. Vakansar i tannlegestillingar er hovudårsaken til mindreforbruket.



Bemanningssituasjonen innan tannhelsa i Møre og Romsdal er no den beste på mange år.



VIKTIGE HENDINGAR I 2003

- Auke i talet på elevar og lærlingar
- Rekordlåg del valde grunnkurs allmennfag
- Satsing på opplæringskvalitet i fleire prosjekt
- Sterk auke i talet på elevbedrifter

AKTIVITETEN

Talet på elevar og lærlingar i skoleåret 2003/04 er litt høgare enn førre skoleåret, rundt 10.000. I dette talet ligg både skole og fagopplæring, og både ungdom og dei vel 750 vaksne som er med i det ordinære inntaket. Ekstra klasser spesielt tilrettelagt for vaksne kjem i tillegg. Til grunnkurs har rundt 90 prosent av søkjarane fått plass på sitt første kursønske, om lag det same som året før. Totalt var søkinga til grunnkurs allmennfagleg studieretning 28,5 prosent, og det er 32,4 prosent av dei inntekne som går på grunnkurs allmenne fag. Dette er historisk låge tal. Talet på ledige skoleplassar er redusert frå 1211 pr. 11.11.99, til 548 ledige plassar pr 14.10.03.

Det vart i 2003 inngått 779 nye lærekontraktar, mot 927 året før. Av dei 779 var heile 179 innanfor mekaniske fag. Generelt har vi bra tilgang på læreplassar, sjølv om formidlinga er noko vanskelegare innanfor enkelte fagområde og for enkelte grupper av søkjarane. Det vart i 2003 avlagt 1091 fag-/sveineprøver. Ved siste årsskifte hadde utdanningsavdelinga 1499 løpande lærekontraktar. 524 har fått vurdert realkompetansen sin i 2003, mot 421 i fjoråret. Av desse var vel 280 i helse- og sosialfag. Totalt var det i 2003 om lag 720 vaksne som starta eit opplæringsløp spesielt tilrettelagt for vaksne.

KVALITET

Møre og Romsdal har eit vidaregåande opplæringsstilbod som på ein god måte oppfyller kvalitetsmåla for opplæringa. Opplæringskvaliteten står samtidig i fokus i ei lang rad utviklingsprosjekt, mellom anna fleire store nasjonale utviklingsprosjekt som vart avslutta i 2003:

- Det 3-årige differensieringsprosjektet (2000-2003) som hadde som siktemål i større grad å gi "tilpassa opplæring for alle" i vidaregåande opplæring. Målet har vore meir fleksible skolar og lærebedrifter, større elevmedverknad og betre samanheng i det 13-årige opplæringsløpet.

- LUIS / SAMTAK-programmet kopla over ein 3-årsperiode (2000-2003) saman skoleleiarprogrammet LUIS, og SAMTAK, eit kompetansestyrkingsprogram for PP-tenesta. Hovudfokus har vore systemretta arbeid, kopla mot konkret utviklingsarbeid innanfor tre temaområde: sosiale/emosjonelle vanskar, lese- og skrivevanskar og samansette lærevanskar.

- PILOT (Prosjekt Innovasjon i Læring, Organisering og Teknologi), har vore eit nasjon-

Hovudoppgåvene til utdanningssektoren er vidaregåande skole og fagopplæring i arbeidslivet. Opplæringa skjer i 28 vidaregåande skolar og rundt 1300 lærebedrifter. Utdanningsutvalet har det politiske ansvaret for sektoren, medan fylkesutdannings-sjefen har det administrative ansvaret. Yrkesopplæringsnemnda, som er samansett av folkevalde og representantar for partane i arbeidslivet, har eit særskilt administrativt ansvar for fagopplæringa i fylket.

alt prosjekt som fylkeskommunen (Romsdal vgs og Haram vgs) var med på, saman med kommunane Molde, Haram og Giske. PILOT har dreidd seg om meir aktiv bruk av IKT.

- Møre og Romsdal har no to bonusskolar, Ålesund vgs som kom med i 2002, og Fræna vgs i 2003.

- Eit heilskapleg kvalitetsutviklingssystem: Utdanningsavdelinga starta i 2001 arbeidet med eit opplegg nær kopla til Plan- og styrings-systemet for fylkeskommunen. Dette arbeidet er vidareført, og blir samtidig samordna med endringar i det nasjonale styrings- og rapporteringssystemet. "Elevinspektørane" er ein del av dette rapporteringssystemet.

- Innan fagopplæringa er tilsynet med lærebedriftene systematisert, samtidig som instruktør-opplæringa er styrkt. Det er arrangert skole- lering for rundt 400 prøvenemndsmedlemmer, og fagkonsulentane har starta kompetanse- gjevande etterutdanning.

- Kultur- og nettverksprosjektet starta i 2003, etter initiativ mellom anna frå Ungdoms-tinget, og er eit fellesprosjekt mellom utdanning og kultur. Siktemålet er å få til ein meir kulturgjevande skoledag. Seks skolar kom med frå starten.

- Arbeidet mot rus og rusmisbruk er vekt- lagt i kultur- og nettverksprosjektet. Røyke- forbod vart gjennomført på alle dei vidare- gåande skolane frå skolestart 2003. I samarbeid med Trygg Trafikk blir det arrangert spesielle samlingar for russestyremedlemene og russeren.

- Kontakten mellom skole og arbeidsliv er viktig for kvalitetsarbeidet. Det blir arbeidd kontinuerleg for å halde oppe god søking til dei yrkesfaglege studieretningane og å styrkje skolane som regionale utviklingsaktørar. Fleire utviklingsprosjekt har hatt som mål å styrkje rekrutteringa. Fiskeriprosjekta heldt fram med eigne midlar også i 2003.

"Ungt Entreprenørskap" gjekk over frå prosjekt til permanent drift i 2003. Talet på elevbedrifter har auka frå 15 i skoleåret 2000/2001 (1. året i prosjektet) til 47 i 2002/2003 og nærare 60 i skoleåret 2003/04. Dei 2 beste ungdomsbedrif- tene i Møre og Romsdal kom på 2. og 3.-plass i den nasjonale tevlinga i 2003.

Prosjektet "Samarbeid om kompetanse- utvikling på Nordmøre" starta i oktober 2002 med finansiering frå det nasjonale Kompetanse- utviklingsprogrammet i 1,5 år. Målet er å styrk- je samspelet mellom kompetansetilbydarar og bedrifter på Nordmøre.

UTFORDRINGAR

Vidaregåande opplæring må heile tida drivast for dei elevar og lærlingar som skal ha god opplæring her og no. Samtidig må det arbeidast med sikte på at vi skal kunne møte framtida på

ein god måte. Det gjeld mellom anna skole- og tilbudsstrukturen, der store utbyggings- og fornyingsprosjekt er under arbeid og der sikte- målet er at dei nye og moderniserte vidare- gåande skolane skal vere kraftsenter i det regionale og lokale utviklingsarbeidet innanfor kultur og næringsliv. Dei unge sine utdan- ningsval må samsvare best mogleg med behova for arbeidskraft i fylket framover, samtidig som ein må ha eit opplæringsystem som tar hand om behov for grunn-, etter- og vidareutdanning for vaksne.

Arbeidet med å sikre kvaliteten på opp- læringa er viktig samtidig som vi skal ta hand om eit veksende tal ungdommar til vidare- gåande opplæring innanfor stramme økono- miske rammer der vi alt ligg under landsgjen- nomsnittet i elevkostnader. Det blir og ei stadig større utfordring å sikre nok og godt kvalifisert personale.

ØKONOMI

Utdanningssektoren hadde ei samla ramme på 972,1 mill. kroner og eit samla mindreforbruk på 15 mill. kroner.

- Dei vidaregåande skolane og fagopplæringa som står bak meir enn 85% av den samla ressursinnsatsen i sektoren, hadde eit samla mindreforbruk på 10,9 mill. kroner herav 6,6 mill. kroner på fagopplæringa, der det har vore ein markert nedgang i teik- ning av nye kontraktar.
- På ramma for spesialpedagogiske tiltak var det eit mindreforbruk på 0,5 mill. kroner.
- På ramma for vaksenopplæring i skole var det eit mindreforbruk på 0,3 mill. kroner.
- På ramma for øvrige opplæringstenester var det eit mindreforbruk på 3,3 mill kro- ner, der undervisning i helseinstitusjonar isolert sett hadde eit mindreforbruk på 2,3 mill. kroner.

Tala er korrigererte for ekstrarekning frå KLP og kompensasjon for lønsoppgjjer.



Tilgangen på læreplassar er god for dei fleste fagområde.



VIKTIGE HENDINGAR I 2003

- Vidareutvikling av Kultursekken som også blei etablert som nasjonal ordning.
- Fordeling av 25 mill. kr. av fylket sine egne midler til kulturinstitusjonar/frivillige organisasjonar og fordeling av 29 mill. kr. i spelemidlar.
- Arbeid med forprosjekt og fullfinansiering av kunstmuseet.
- Arbeidet med førebyggjande helse har fått auka innsats og fokus.

KULTURSEKKEN

I 2003 kom Stortingsmelding nr 38 om "Den kulturelle skulesekken". Det er grunn til å glede seg over ei nasjonal reform for kultur-, skole- og regionalpolitikk. Samhandlinga mellom fylkesforvaltninga, kommunane, kulturinstitusjonar og frie grupper er god og i stadig utvikling. Møre og Romsdal sine modellar for implementering av ordninga er via stor merksemd i meldinga. Kultursekken når no om lag 30.000 elevar. Målet er å nå alle dei 33.000 grunnskoleelevane i fylket. I 2003 fekk Møre og Romsdal kr. 2.057.000 frå spelemidlane til tiltaket. I tillegg vart det løyvd egne midlar til utviklingsprosjekt av Kultursekken også i vidaregåande skolar. Arbeidet med Kultursekken starta hausten 2003 med seks skolar. Målet er å vidareutvikle Kultursekken til å bli eit tilbod for heile befolkninga i Møre og Romsdal.

ØKONOMISKE VERKEMIDDEL (TILSKOT) /FRIVILLIG ARBEID

Fylkeskulturavdelinga fordelte 25 mill. kr. av fylket sine egne midlar til kulturinstitusjonar og frivillige organisasjonar i tillegg til fordeling av spelemidlane på 29 mill. kr. i 2003. Spelemidlane er brukt til ordinære anlegg, rehabilitering og nærmiljøanlegg. Søknadsvolum var om lag 85 mill. kr. Gjennom samarbeid med til dømes skoleverket, Friluftsråda i fylket, Norges Jeger- og Fiskerforbund i Møre og Romsdal og kulturvernseksjonen internt, har det særleg blitt sett fokus på uteskole og fysisk aktivitet for barn og unge. Fylkeskommunane har utfordra staten for å få auka handlingsrom ved forvaltning av spelemidlane.

FØREBYGGJANDE OG HELSE-FREMJEANDE ARBEID

I 2003 vedtok fylkestinget å ta ei koordinatorrolle for utvikling av folkehelse og livskvalitet i fylket. Målsetjinga er å byggje eit heilskapelig og langsiktig folkehelsearbeid gjennom partnerskap med kommunar og andre aktørar. Det er utvikla eit målretta førebyggjande arbeid for vidaregåande skole der ni skolar er involverte. I samarbeid med Midt-Norsk kompetansesenter har vi gjort eit utviklingsarbeid for førebyggjande strategiar i seks kommunar. Kultur-

Kulturavdelinga sine arbeidsområde er planarbeid, rådgjeving, forvaltning av lovverk om kulturminne, kulturtilskot, spelemidlane, statlege tilskotsordningar, initiering og gjennomføring av ungdomskulturtiltak, førebyggjande og helsefremjande arbeid, Møremusikarordninga, fylkesbiblioteket, anlegg og aktivitet innan idrett/ friluftsliv og kulturformidlingstiltak som t.d. Kultursekken. Arbeidet blir gjort i nært samarbeid med kommunane, organisasjonar og institusjonar. Fylkeskulturutvalet har det politiske sektoransvaret medan fylkeskultursjefen har det faglege og administrative ansvaret.

avdelinga har dessutan ansvar for å følge opp Fylkesrådet for funksjonshemma og tilskota til brukarorganisasjonane.

KULTURMINNEVERN/AREAL-FORVALTNING

Kulturavdelinga har i 2003 handsama fleire plansaker etter kulturminnelova enn nokon gong tidlegare – 926 einskildsaker (+ 11,5 prosent frå 2002). Av større saker kan nemnast planene knytt til Ormen Lange (Aukra) og vindparken på Smøla. Dialog er viktig, og for å utvikle den er det i 2003 lagt særleg vekt på formidling av kulturhistoria også gjennom Kultursekken.

ABM (ARKIV, BIBLIOTEK, MUSEUM)

ABM prosessen er vidareført. Styret for dei konsoliderte einingane starta arbeidet sitt i nært samarbeid med fylkeskulturavdelinga. Staten har utvida tilskotsramma til drift i musea med til saman 2 mill. kr.

Aktiviteten ved fylkesbiblioteket spegla på mange måtar situasjonen ved biblioteka i fylket med auka fokus på lesing og litteraturformidling for barn og unge. Mange folkebibliotek slit med manglande rammevilkår og har problem med si samfunnsmessige rolle. Dette førte til auka bruk av fylkesbiblioteket sine tenester knytt til mellom anna arbeidet med nye bibliotekmodellar og utviklingsprosjekt.

I 2003 er det prioritert ressursar til vidare planlegging av Møre og Romsdal kunstmuseum. Innsatsen har i hovudsak vore knytt til det å finne gode løysingar på samanbygging og konsolidering med Jugendstilsenteret. Arbeidet er gjort i samarbeid med Kulturdepartementet og Ålesund kommune.

KULTUR OG FOLKEHELSE VIKTIG FOR REGIONAL UTVIKLING

Fylkestinget har tydeleggjort at kultur og kultursatsing er viktig for regional utvikling og for at folk skal trivast og bu. Dette er også grunnlaget for etablering av kulturfondet på 100 mill. kr. Avkastning av fondet skal brukast til investerings- og utviklingstiltak på kulturområdet. Møreforskning i Volda og Molde har i 2003 avslutta forskingsprosjekta "Kva skaper bulyst hos unge hushald? Kva gjer ein region attraktiv å bu i?" og "Kulturøkonomi". Resultata viser at kultursatsing og offentleg innsats på kulturområdet er målretta innsats for ei positiv regional utvikling.

Sentralt i denne samanheng er fylkeskulturavdelinga si medverking til å opprette sosiale og kulturelle møtestader gjennom arbeidet med til dømes Kultursekken, Møremusikarane og bokbåten Epos. Viktig er også vår deltaking i arealplanlegging (kulturminnevern), fordeling av spelemidlar og andre tilskot, samt tilrettelegging for aktivitet innan friluftsliv/idrett.

ØKONOMI

Fylkeskommunen sine ressursar utløyser både statlege og kommunale ressursar gjennom finvevde samarbeid. Samarbeidet fører til ein stor kulturdugnad og mange spleiselag gjennom frivillige organisasjonar, institusjonar med vidare. Det utløyser også samarbeid mellom amatørar og profesjonelle aktørar. Kultur har ei samla ramme på 44,2 mill. kroner og eit mindreforbruk på 0,4 mill. kroner. Tala er korrigererte for ekstrarekning frå KLP og kompensasjon for lønsoppgjer. Kulturavdelinga har brutto forvalta om lag 70 mill. kroner i tilskot gjennom statlege tilskot, spelemidlar og store arkeologiprojekt



Jugendstilsenteret i Ålesund opna for publikum i 2003.



VIKTIGE HENDINGAR 2003

- Avtalen med ruteselskapa om kjøp av kollektivtenester forlenga med 4 år.
- Populær ordning med ungdomskort vidareført.
- Arbeid med å starte opp "Heim for ein 50-lapp" og Time-ekspress tilbod mellom Volda og Kristiansund.
- Både natt- og dagbuss frå byane i fylket vårt til Oslo.

AKTIVITETEN

Buss, båt og ferje

Ei viktig oppgåve for fylkeskommunen er å frakte dei 12500 skoleelevane som har rett på gratis skoleskyss til og frå skolen kvar dag. Desse skolereisene utgjer over 5 millionar bussreiser i året. Til saman vert det utført over 13 millionar reiser med buss i året i fylket vårt.

Det vart inngått ny 5-årig avtale med MRF for hurtigbåtruta Molde-Vestnes-Vikebukta. Den nye anbudsruta for hurtigbåt til og frå Ålesund kom i gang, vel å merke med forkorta kontraktperiode frå 8 til 5 år.

Tilrettelegging for kollektivreisande

Som tala ovanfor syner er det mange som reiser kollektivt i fylket. Derfor har samferdselsavdelinga lagt vekt på å leggje til rette for at dei som reiser til og frå dei største knutepunkta skal ha skikkelege venteromstilhøve. Det vart ikkje inngått nye driftsavgifter med terminalsselskap i 2003, men Miljøverndepartementet samtykte i at ein kan byggje ny kollektivtrafikkterminal på Moa i samband med utviding av forretningsarealet. Byggjearbeid vil venteleg bli allereie i 2004. Trafikanten Møre og Romsdal driv telefonisk ruteopplysning i Møre og Romsdal. Langt over 200.000 personar ringte inn til Trafikanten Møre og Romsdal i år. Trafikanten driv også dei stadig fleire monitorane

Samferdselsavdelinga syter for å halde kollektivtrafikken i gong i heile fylket, både med buss, båt og fylkesvegferjer. Dette skjer gjennom eit avtaleverk mellom fylket og ruteselskapa og fylket og MRF. Avdelinga er også involvert i etablering og drift av kollektivtransportterminalane i fylket, ruteopplysningstenesta (177) og administrerer ordninga med Transport for funksjonshemma.

med ruteopplysning som er plassert på trafikkterminalane. Det har i heile 2003 vore arbeid med å utvikle og etablere ein reiseplanleggjar på internett. Denne vil vere på plass i februar 2004.

Transport av funksjonshemma

Retningslinjene for denne ordninga vart endra i 2003, slik at yngre menneske med varig funksjonshemming vert prioritert i større grad enn før. Til saman er det 6800 brukarar av denne ordninga.

KVA OPPNÅDDE VI I 2003?

Fylkesdelplan Transport skal samordne stat, fylkeskommune og hovudtrekka i kommunane sine planer som vedkjem transportsektoren. Dei tiltaka vi har ansvar for er tekne inn i økonomiplanen for 2002-2005. For 2003 har vi i den samanhengena anna arbeid med:

Rolla som regional utviklingsaktør

Det EU-initierte prosjektet "Nordlig maritim Korridor" som skal styrkje sjøtransporten i Nordsjøregionen. Det har vorte utarbeidd analysar over godstransporten til og frå Møre og Romsdal med spesiell tanke på potensialet for å flytte transport frå land til sjø. Det har også blitt utarbeidd ein rapport med særskilt fokus på "sjømat-logistikk". www.northern.maritime.corridor.no.

Eit anna EU-initiert prosjekt der vi deltek er SEAPLANE. Her vert det arbeid med å betre flytilbodet i Nordsjøregionen og med å knyte nettverk mellom luftfartstyresmakter, flyselskap og regionale styresmakter. www.seaplane-project.net.

Det har vorte oppretta ei samferdselsgruppe i Vestlandsrådet, der avdelinga er representert. Denne gruppa har arbeid med fråsegn til

Nasjonal Transportplan, handlingsprogram for E 39, samt regionalt bussnettverk på Vestlandet. www.vestlandsradet.no.

Nordisk Transportpolitisk Nettverk er eit EU-initiert prosjekt som har som basis å skape regional utvikling gjennom å nytte transportkorridorar på ein bevisst og berekraftig måte. Prosjektet har 15 partnerregionar, av desse er sju frå Noreg. www.ntn.dk

Samarbeid med eksterne aktørar

Utvikling av kollektivtransportsystemet i distrikta gjennom mellom anna Haramsprosjektet: Dette er eit prosjekt der ein prøver å få til ei samordning av offentlege transportar. Prosjektet har i første omgang munna ut i eit tilbod til og frå fritidsaktivitetar på ettermiddags- og kveldstid. Tilbodet er utvikla i samarbeid mellom fylkeskommunen, Haram kommune, drosje- og rutebilnæringa og Trygdeetaten.

Eit anna prosjekt er "Heim for ein 50-lapp": For å få ungdommen trygt heim på laurdagsnatta, vart det innleia eit samarbeid mellom drosjenæringa og fylkeskommunen. Ordninga skal først prøvast ut i Rauma, for så å innførast i heile fylket.

ØKONOMI

Samferdsel hadde ei ramme på 285,1 mill. kroner, og eit samla mindreforbruk på 1,4 mill. kroner. Mindreforbruket skriv seg i hovudsak fra manglande avrekning mot MRF der det oppstod problem med forståing av avtalen. Under fellesnemninga samferdsel ligg og ei ramme på 97,7 mill. kroner som blir nytta til kjøp av vedlikehaldstenester på fylkesvegnettet. Det var her eit mindreforbruk på 4,8 mill. kroner. Tala er korrigererte for ekstrarekning frå KLP og kompensasjon for lønsoppgjær.



Over: Samferdselsavdelinga har ei nøkkelrolle når det gjeld å syte for at fylket har eit godt tilbod innan kollektivtrafikken.



Det vert satsa mykje på nyskaping og entreprenørskap i fylket (t.h.)



Nærings- og miljøavdelinga arbeider for gode vilkår for næringsutvikling og regional utvikling i Møre og Romsdal. Verktøya i dette arbeidet er høg og variert kompetanse hos 25 tilsette, eit sterkt eksternt nettverk, kapital til utviklingsprosjekt (vel 37 mill. kr i 2003) og forvaltning av plan- og bygningslova.

VIKTIGE HENDINGAR I 2003

- Medverking til oppretting av "Leverandørnett Ormen Lange" (LOL), oppretta Møre og Romsdal Petroleumsråd, og Møre og Romsdal Gassforum
- Center of Expertise – ein nasjonal pilot for innovasjonsarbeid – arbeidd fram gjennom Kunnskapsparken i Ålesund. Nye tiltak innan entreprenørskap og nyskaping som "Europrise Gründeropplæring", Generator 2003 og Distribuert Inkubator.
- Omorganisering av distribusjonssystemet i reiselivet har gitt fire destinasjonsselskap

OLJE OG GASS – ORMEN TIL MØRE

Fylkeskommunen sitt prosjekt "Ormen til Møre", har i 2003 følgd opp arealplanlegginga og infrastrukturbygginga på ilandføringsstaden Nyhamna. Leverandørnett Ormen Lange vart etablert, og fylkeskommunen støtta arbeidet både økonomisk og med representant i interimstyret. Målsetjinga er mellom anna å medverke til at regionale bedrifter får oppdrag under bygginga av Ormen Lange. For å styrkje regionen oljepolitisk og kompetansemessig, vart Møre og Romsdal Petroleumsråd og Møre og Romsdal Gassforum etablert i 2003.

REISELIV

Distribusjonssystemet i reiselivet er omorganisert. Vi har no fått fire meir slagkraftige og kompetansetunge destinasjonsselskap i fylket, med større økonomisk handlefridom enn tidlegare. Møre og Romsdal Reiselivsråd er avvikla. I staden har vi fått Møre og Romsdal Reiseliv, med dei fire destinasjonsselskapa, fylkeskommunen og fylkesdekkjande selskap som medlemmer. Avdelinga leverer sekretariatstenester i form av reiselivskoordinator.

ATTRAKTIVE TETTSTADER

Målet for arbeidet er å utvikle kommunesentra til tettstader som er attraktive for dei som bur der og for tilflytting - med levande møteplassar og gode tenestetilbod. Det er stor aktivitet, og stor etterspurnad etter rådgjeving, prosesshjelp og økonomisk støtte. Pilotprosjektet "Miljøvennlige og attraktive tettstader" er vidareført og arbeidsomfanget auka. Kurs i "Prosessleiing i plan- og utviklingsarbeid" gjennomfører vi no også i Orkidè-regi. I samarbeid med Norsk Form, Riksantikvaren og Husbanken, vart konferansen: "Skaper vi vekst gjennom stadforming, byggeskikk, estetikk og auka kunnskap om staden si historie?" gjennomført.

HAVBRUK

Målet er å oppnå ein berekraftig vekst i havbruksnæringa i fylket, og auke utnyttinga av spillvarme til oppdrett av varmekjære artar. Vi arbeider saman med Innovasjon Norge,

næringa og forskingsinstitusjonane. Fylket sitt arbeid omfattar regional arealplanlegging, faglege undersøkingar, forskning, utdanning og nettverksbygging. Prosjekta "Innovasjon Møre", "Regionalt utviklingsprogram for skjelnæringa", begge avslutta i 2003, og "Regionalt utviklingsprogram for Sunndalsregionen" inneber brei innsats for innovasjon innan havbruk. Utvikling av eit regionalt kompetansesenter for bioteknologi held fram, og har fått namnet Biotech Møre.

INTERNASJONALISERING

Vi er dør og rådgjevar for næringsliv og kommunar inn til konglomeratet av EU-program. Vest-Norges Brusselkontor vart oppretta i 2003 med mellom anna Møre og Romsdal fylkeskommune som eigar og medlem. Lærlingar er utplasserte gjennom Leonardo-programmet, og i tillegg er det starta to nye prosjekt mot skolar i Presov fylke i Slovakia. Interregprosjekta Seaplane, Northern Maritime Corridor og Nortrail Nordsjøløypa har halde fram i 2003. Gjennom samarbeidet med Tsjekkia og Slovakia er ei omfattande folkevaltopplæring gjennomført, og det pågår arbeid for eit utvida nærings samarbeid. Vi har i samarbeid med SND og Eksportrådet arbeidd systematisk med å informere næringslivet på området EU-midlar/internasjonalisering.

NYSKAPING

I 2003 vart det arrangert ein etablerarskole med 20 deltakarar. Det er og gjeve subsidiert rådgjeving til ei rekkje potensielle nyetablerarar. For skoleåret 2002/2003 var 48 ungdomsbedrifter fordelt på 13 vidaregåande skolar med i "Ungt Entreprenørskap". Det har vore fleire samlingar i prosjektet "Heilheitleg satsing på entreprenørskap". Kunnskapsparkane og næringshagane er vidareutvikla i 2003, og det vart etablert ein næringshage i Tingvoll som ei avdeling under Bølgen Næringshage i Kristiansund. Tre-fire nye næringshagar er under planlegging. Andre tiltak vi var involvert i er "Distribuert Inkubator", og "Generator 2003" – eit ideutviklingskonsept med 28 deltakarar. Høgskolen i Ålesund starta opp utvikling av entreprenørskap som valfag, samt tilrettelegging for etablering av studentbedrifter. "Europrise Gründeropplæring" i regi av Kunnskapsparken i Bodø og Høgskolen i Molde vart gjennomført med 5 deltakarar (kvinner) frå Møre og Romsdal.

LOKALISERING MØRE OG ROMSDAL

Prosjektet vart sett i gang for å klarleggje fylket sin lokaliseringføremøn, og påverke sentrale avgjerdstakarar i samband med lokalisering av nye og eksisterande statlege arbeidsplassar.

Mykje av arbeidet i 2003 har vore knytt til Mattilsynet, Arbeidstilsynet og einskapsfylket. I den endelege strukturen for Mattilsynet kom fire distriktskontor på plass i siste fase. To kom til Møre og Romsdal (Surnadal og Stranda), i stor grad på grunn av prosjektet sin påverknad i prosessen.

DRIFTSASSISTANSEN FOR VATN OG AVLØP


Gjennom Driftsassistansen samarbeider vi med kommunane i fylket for å sikre fullgod vasskvalitet, gjennom kompetansebygging, rådgjeving og effektivisering. I 2003 er det mellom anna arrangert ni kurs med 405 deltakarar. Sju vassprosjekt i fylket fekk tilskot, med til saman 8,5 mill. kr.

PLANRETTELEIING

Vi yter rettleiing og kompetansetøtte til kommunar og private i planprosessar og areal-, miljø og ressursforvaltning, og ivaretek regionale og nasjonale interesser i høve til plan- og bygningslova. Av omfattande planarbeid kan nemnast Fylkesdelplan for senterstruktur, Dovrefjellrådet, interkommunal plan for Solnør-vassdraget, og interkommunal plan for Atlanterhavsvegen. Innan skredproblematikk vert det arbeidd med å få staten til å ta naudsynt ansvar.

ØKONOMI

Næring og miljø hadde ei ramme på 29,8 mill. kroner, og etter ei omdisponering av 2,1 mill. kroner frå avdelingsbudsjettet til Tiltaksfondet viser rekneskapa eit mindreforbruk på 1,1 mill. kroner. Tala er korrigererte for ekstrarekning frå KLP og kompensasjon for lønsoppgjær. Avdelinga har forvalta vel 37 mill. kroner til regionale investeringar og utviklingsprosjekt. Mesteparten av dette er fordelt på dei ulike strategiane i Regionalt Utviklingsprogram, 4,2 mill. kroner til kompetanse, 11,1 mill. kroner til innovasjon, nyskaping og nettverk og 18,3 mill. kroner til robuste bu- og arbeidsmarknadsregionar som inkluderer fysiske investeringar i næringsareal, hamn, kai, vassforsyning og tettstadutvikling.



MØRE OG ROMSDAL FYLKE
Fylkeshuset, 6404 Molde

www.mrfylke.no
BESØKSADRESSE: Julsundvegen 9
TELEFON SENTRALBORD: 71 25 80 00
TELEFAX: 71 25 87 21